



Referat frå årsmøte i Breivika Båthavn, 2018.

Årsmøtet blei halde i klubbhuset i Breivika tysdag 20. februar 2018 kl. 18.00 – 19.00. Det møtte 12 medlemmer og det blei lagt fram 3 fullmakter. Dette gav årsmøtet totalt 15 stemmer. Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska vel møtt til årsmøtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

2. Valg av møteleiar.

Einar Jacobsen blei valgt til møteleiar. Samrøystes.

3. Valg av referent.

Stein Malkenes blei valgt til referent. Samrøystes.

4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.

Egil Strømmen og Martin Inge Kjerpeseth blei valgt til å skrive under årsmøteprotokollen. Samrøystes.

5. Årsmelding 2017.

Styreleiar Kjell-Atle Reksten leste årsmeldinga og opna opp for spørsmål og debatt. Det blei gjort framlegg om to mindre endringar i årsmeldingsteksten. Styret får fullmakt til å legge arbeidslista for havna ut på heimesida. Etter dette blei årsmeldinga for 2017, med dei to justeringane i teksten, samrøystes vedteken.

6. Rekneskap 2017.

Revisjonsrapport var sendt ut saman med årsmøteinnkallinga. Kasserer Einar Jacobsen orienterte og gjekk, etter oppmoding frå årsmøtet, gjennom rekneskapan for 2017 post for post. Nokre av postane blei kommentert, drøfta og avklart. Rekneskapan blei deretter samrøystes vedteken.

7. Utleigeprisar.

Einar orienterte og saka blei drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.

8. Pris på båtplassane.

Einar orienterte og saka blei drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.

9. Budsjett for 2018.

Budsjettet for 2018 blei lagt fram med eit driftsunderskot på kr. 8 400,00. Einar gjekk gjennom budsjettet post for post og årsmøtet kommenterte og reiste spørsmål undervegs. Spørsmåla blei drøfta og avklart. Etter dette blei budsjettet for 2018 samrøystes vedteke.



10. Saker frå styret.

10.1. Betre lyssetting i havna

Kjell-Atle orienterte om oppfølging av vedtak om betre lyssetting i havna i sak 13 på årsmøtet i 2017. Etter korte kommentarar, spørsmål og innspel, blei saka samrøystes vedteken.

10.2. Tryggleiksplan

Kjell-Atle orienterte og avklarte kommentarar og innspel og den framlagte tryggleiksplanen blei samrøystes godkjend. Det blei reist spørsmål om korvidt det er behov for å gå til innkjøp av hjertestartar til havna, slik styret hadde foreslått. Etter ein debattrunde om dette blei det røysta over saka. Røysteresultatet blei 9 stemmer mot innkjøp og 6 stemmer for innkjøp av hjertestartar. Etter dette var årsmøtet samrøystes einige om at det kjøpast inn førstehjelpsutstyr og at budsjettposten for hjertestartar og førstehjelpsutstyr justerast deretter.

11. Innkome framlegg

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet innan fristen. Saka blei teken til vitande.

12. Vedtektsending

Det var ikkje kome inn formelle framlegg til vedtektsendingar. På vegne av styret orienterte Stein Malkenes om styret sitt framlegg om å redusere talet på bryggeassistentar frå 2 til 1 (sak 14). Styret beklaga at dette framlegget ikkje var fremja som vedtektsending og at styret såleis la til grunn at valnemnda har arbeidd ut frå gjeldande vedtekter med 2 bryggeassistentar. Styret ba deretter om at dette tilhøvet blei teke opp under sak 14, val, noko årsmøtet aksepterte.

13. Ymse

Det var ikkje meldt inn saker under Ymse.

14. Val

Medlem av valnemnda, Per Arne Solheim, la fram valnemnda si innstilling med attval på dei to styreverva som var på val. Desse var:

Kasserar: Einar Jacobsen (på val for 2 år)

Skrivar: Stein Malkenes (på val for 2 år)

Dei to blei samrøystes attvalde.


Val av bryggeassistent:

Bryggeassistent nr. 2: Dag Johannesen (på val for 2 år)


Dag ønska ikkje attval. Årsmøtet drøfta situasjonen, jfr. sak 12, og gjorde følgande samrøystes vedtak: Årsmøtet tek bryggeassistentsaka til etterretning og ber styret undersøke om det finnast ein kandidat til vervet som bryggeassistent nr. 2. Årsmøtet ber styret legge fram vedtektsending for reduksjon av talet på bryggeassistentar frå 2 til 1 på årsmøtet 2019.

Årsmøtet slutt kl 19.00/sm

Årsmøteprotokollen er gjennomgått og godkjend:



Egil Strømmen



Martin Inge Kjerpeseth